



Gloppen kommune

Stab og støtte

Justis- og beredskapsdepartementet

Vår ref. (oppgje ved svar)
22/7367

Dykkar ref.

Dato
15.06.2022

Innspel frå Gloppen kommunestyre om betre polititjenester og beredskap

Formannskapet i Gloppen kommune syner til brev frå justis og beredskapsdepartementet angående betre polititjenester og beredskap, og har følgjande innspel:

Innleiingsvis vil formannskapet peike på at samspelet lokalt mellom politikontakt/politioverbetjent og kommune fungerer veldig godt. Det er tett dialog og kort avstand. Dette igjen gjev både politi og kommune gode vilkår for å samhandle godt både som beredskapseining, men og i det daglege. Gloppen kommune bygde nytt «blålysbygg» som vart opna i fjor, der politiet og Gloppen brann og redning held til under same tak. Med korte avstandar også her, er samhandling mellom desse beredskapssetatene veldig god.

Bemannings situasjon og utfordringar.

Kommunen er godt bemanna med politi. Dette skuldast mellom anna at vi har nokre politistillingar som ikkje direkte høyrer til bemanninga av vårt tenestestadskontor, men som har sin oppmøtestad og mykje av sitt daglege virke frå kontoret her. Hovudutfordringa vår vil vere i dei tilhøva ein er avhengig i å få vaktpatruljen på plass. Den kan vere langt vekk og vanskeleg å nå.

Framleis er ei av våre større utfordringar med politiet at kontakttelefon 02800 ikkje er god nok. Det er for lang responstid og ein opplever framleis å ikkje kome gjennom til politiet på dette nummeret. I tillegg har det ved fleire tilhøve i kommunen vore meldt inn hendingar som potensielt kan vere i fare for liv og helse og som krev politiinnsats, der ein har fått tilbakemelding på at dette er for langt vekk for patruljen til å rykke ut på og vil difor ikkje bli prioritert.

Dette er ikkje godt nok, og er lite tillitsvekkande både for kommunen og for publikum!

Ein må kunne nå politiet på tlf 02800. Ein må kunne stole på at politiet reagerer på hendingar som er potensielt farleg for liv og helse, uavhengig av reiseavstand og bruk av tid for politiet.

Formannskapet i Gloppen vil også peike på at gjennom politireforma vart ein del del publikumsretta forvaltningsoppgåver sentralisert vekk frå lokale politikontor. Dette gjeld oppgåver som pass, våpensøknadar og køyresedlar til persontransport. Denne endringa har medført lang ventetid og unødvendige ulemper for publikum. Vi ønsker ei løysning som vil korte ventetida knytta til dette, og som gir ei smidigere handtering av søknadar for publikum.

Formannskapet i Gloppen peikar på at dei tilhøva som er utfordrande for oss ligg til leiinga i politiet over nivået vi har lokalt. Utfordringane med å nå politiet på 02800 er også eit problem som heller ikkje er nytt.

Formannskapet i Gloppen sitt innspel til justisdepartementet er å løyse problemet med kontakttelefonen til politiet ein gong for alle. Politiet må også sikrast tilstrekkeleg ressursar slik at hendingar som potensielt kan ha stor far for liv og helse, ikkje vil vere noko ein vurderer ressursbruken i. Dette er noko vi og innbyggjarane krev både vert prioritert og reagert på.

Adresse
Grandavegen 9, 6823 Sandane

Telefon
57 88 38 00

Org.nr
964 969 124

eDialog
[Sikker digital post](#)

Internett
www.gloppen.kommune.no

Vedtaket var samrøystes.

Vennleg helsing

Geir Liavåg Strand
organisasjonssjef
Tlf. 95 19 17 53

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.